

# Folldal Menighetsblad



Nr. 4

Høsten 2021

Årgang 32



*Fritt på fjellet. Fra setermessa på Meløya 8. august (foto: Hilde Reitan)*

## Les mer inne i bladet bl.a. om dette:

Arbeidsomme og optimistiske	side 4-5
Bente velger dikt	side 6
Takk til Irina	side 8
Setermesser	side 9
Høstens konfirmanter	side 10

# Livets gang

## Døpte:

### Folldal kirke:

20. juni Selma Borkhus

### Uppigard Streitlien bygdetun:

25. juli Ulrik Fristad Hovde

### Eysteinkyrkja:

1. august Mathilde Brendryen Wiggen

### Meløya, Einunndalen:

8. august Dagny Siksjø Steigen

### Ryhaugsetra, Einunndalen:

15. august Elian Bjørkeng

## Vigde:

### Folldal kirke:

10. juli Mona Inger Hage og Jon Linderud

### Ruphuskampen, Einunndalen:

24. juli Marianne Storberget og Ola Alme



## Døde:

### Dalen:

2. aug. Astrid Margrethe Slåen

11. aug. Magnhild Joten

### Folldal:

9. mai John Fredrik Johnsen  
(bisatt fra Egnund kpl.)

21. mai Marie Åshild Plassen

27. mai Emil Brohaug (gravlagt Tynset)

23. juli Anne Marie Kjøsberg

27. juli Ola Magnar Brovoll

### Egnund:

1. juli Magne Nordset

## DEN NORSKE KIRKE • Øvre Folldal og Folldal menigheter

Kirkekontoret, Gruvvegen 7, 2580 Folldal • [www.folldal.kirken.no](http://www.folldal.kirken.no)

### Sokneprest Jon Olav Ryen

Fridag mandag

Tlf. 62 49 10 00 (kont.), 900 123 78 (mob.)

E-post: [soknepresten@folldal.kirken.no](mailto:soknepresten@folldal.kirken.no)

### Kirkeverge Solveig R. Elgevasslien

Tlf. 62 49 10 00 (kont.), 97 47 27 67 (mob.)

E-post: [kyrkjevergen@folldal.kirken.no](mailto:kyrkjevergen@folldal.kirken.no)

### Fagarbeider Frode Solly (tirs, ons, tors)

Tlf. 62 49 10 00

### Organist (kantor) Irina Grechaniuk

Tlf. 463 79 284

### Kirketjenere

Folldal og Egnund: Bård Høisen Lohn,  
tlf. 979 59 060

Dalen: Mari Tallerås, tlf. 403 28 031

### KIRKELIGE RÅD OG UTVALG

#### Folldal kyrkjelege fellesråd:

Jan Kåre Lillekroken (leder), tlf. 924 56 500

#### Folldal menighetsråd:

Bente Helen R. Grimsbu (leder), tlf. 412 31 110

#### Øvre Folldal sokneråd:

Aud Margrethe S. Brendryen (leder), tlf. 915 93 016

### Egnund kapellutvalg:

Dagny Straalberg Mills (leder), tlf. 922 85 655

### Diakoniutvalg:

Arild Alander, Gunvor Høiberg, Solvår Lohn,  
Reidun Phillips, Jon Olav Ryen, Evy Kjølle (vara).

### Trosopplæringsutvalg:

Marianne Bjørnbakken, Ola H. Eriksrud, Jon Olav Ryen.

### GIVERTJENESTE

Kontonummer, givertjenesten for menighets-  
arbeidet: 1822.07.46646

### FOLLDAL MENIGHETSBLAD

Forsidetegning: Kirstin Brandsnes

Redaksjonskomite: Arild Alander, Solvør Alstad,  
Oddfrid Eriksrud, Kari Garmager, Jon Olav Ryen (red.).  
Kontonummer 1895.25.27688

Neste nummer kommer ut ca. 10. desember.

VIPPS 540433

### Kirkens SOS

Døgnåpen telefon: 22 40 00 40

## Ord til ettertanke

*Noen tanker er bønner.  
Det fins tilfeller - uavhengig  
av kroppens stilling - da sjelen  
har falt på kne.*

Victor Hugo

Kanskje er det slik for mange av oss når vi har nynet den kjente gossellåten:  
«Give me that -old time religion, give me that -old time religion, give me that -old time religion, It`s good enough for me.....It was good for my old father....»

Gi meg det gamle evangelium, gi meg det gamle evangelium ...Det er nok for meg... Mange har sunget den- og hørt den uten å tenke over budskapet. Men det er en enkel bønn, som favner de sentrale begreper i det gamle tids evangelium om korset.

**Kjærlighet:** «For så høyt har Gud elsket verden at han gav sin Sønn, den eneste, for at hver den som tror på Ham ikke skal gå fortapt, men ha evig liv.» Joh.3,16

**Barmhjertighet:** «... Han frelste oss, ikke på grunn av våre rettferdige gjerninger, men fordi Han er barmhjertig; ...» Tit. 3,5

**Nåde:** «For av nåde er dere frelst, det er ikke deres eget verk, men Guds gave.» Ef.2,8

**Tilgivelse:** «Men dersom vi bekjenner våre synder, er Han trofast og barmhjertig, så Han tilgir oss syndene og renser oss for all urett.» 1.Joh.1,9

**Fred:** «Men Han ble såret for våre overtredelser, knust for våre misgjerninger, straffen lå på Ham for at vi skulle ha fred, og ved

Hans sår har vi fått legedom.» Jes.53,5  
Ja, så enkelt er det gamle evangeliet- som betyr «godt nytt». Den gode nyheten om Guds evige Farshjerte.

I din bønn «gi meg det gamle evangeliet, gi meg Guds kjærlighet, Guds barmhjertighet, Guds nåde, Guds tilgivelse og Guds fred,» har du Guds løfte: «Søk først Guds rike og Hans rettferdighet, så skal du få alt det andre i tillegg til det.»

Ikke småtter, nei.

Og grunnen til dette gode gamle budskapet har Leighton Ford oppsummert slik:  
Gud elsker oss nøyaktig slik vi er,  
men Han elsker oss for høyt  
til å la oss forbli i den tilstanden



OEr

## Optimisme og arbeidslyst

Ein varm og fin dag i juli møter redaksjonen sin utsending opp hos det lune, blide og humorfylte ekteparet Ma Elinore og Gunnbjørn Ståland på den velstelte garden deira Vehllykkja, også kalla Lille-Eide. Denne garden er frådelt Stor-Eide. Garden ligg 825 moh., med ei fantastisk utsikt. Vi ser Rundtomgrenda, Råtåsjøhøa, Steinhøa, Pikothea, Sletthøa, Knutshøa, Hjerkin-Kvitdalen, Armodshøa og Furuhovdgrenda.

Ekteparet eig òg Søre Ståland, som ligg 870 moh. Der vert 22 dekar jord beita og hausta.

### Gardsdrift

Gunnbjørn tok over garden Vehllykja etter besteforeldra Brit og Magne. Gunnbjørn er ein aktiv bonde, med 215 vinterføra sauer. Han eig 208 da. med jord, og leiger 100 da. med innmarksbeite. Bonden er utdanna



*To om arbeidet: Ma Elinore og Gunnbjørn.*

agronom ved Storsteigen landbruksskule, og som han sjølv seier, har han også prøvd «livets harde skule».

Når det gjeld onnearbeid, samarbeider han med andre bønder oppi Dalen. Når eg spør om tap av sau, seier Gunnbjørn at både ørn, jerv, E6 og jernbana utgjer ein fare. Det er vondt å finne sau som er skadd, òg.

Han nyttar hundar, og har elles mykje arbeid med nydyrking og sperregjerder. «Eg blir aldri arbeidsledig», seier Gunnbjørn.

### Vertskapsroller

Gunnbjørn fortel at «Rusle tusle» var på ein tur ein fin onsdagskveld i juli. Det var 16 personar som gjekk frå Søre Ståland og opp til Ole Brumm-huset, med niste og kaffe og kos i det flotte vèret.



*Trongt i bingen: Ein fin flokk med sauer i fjøset.*

4. august var Gunnbjørn med og ordna til så stortingsrepresentant Emilie Enger Mehl kom på besøk på torget i Folldal.

### **Allsidig kone**

Kona Ma Elinore kjem frå utkanten av storbyen Iloilo på Filippinane. Ho har studert ved eit universitet der i fire år. Ho har erfaring med å mjølke bøflar. Av mjølka vart det laga ost, og noko mjølk vart sendt til meieri. Så kona er dyktig med geit, gris og høner, noko som ho arbeidde med på garden der ho vaks opp. I sommar jobbar Ma Elinore delvis på Hjerkinns fjellstue.

### **Håp for gardsdrifta**

Båe to håpar på å få ein betre økonomi i jordbruket i framtida. Eg takkar dette koselege ekteparet for ein triveleg og interessant prat denne varme, fine sommardagen. Samtidig ønskjer eg lykke til vidare med arbeidet på denne flotte garden.

På vegen heim ser eg nokre sauer som kosar seg i skuggen. På eit jorde er det slått-onn, eit teikn på at sauer får mat komande vinter.

Tekst: Kari Garmager.

Foto: Privat



*Fritt utsyn: Garden Vehllykkja.*

## VÅKEN DRØM

(Vamp)

*Ei bleike sol står opp i øst  
det går mot nok ein dag.  
Og gjenlyden i fra di røst  
og dine hjerteslag  
e det fjerna svaret eg fremdeles får  
kver gang eg ber mi stumma bønn.  
Men eg tar det med meg kor enn eg går  
mens eg vente i ein våken drøm.*

*Det hende at eg ser deg gå  
forbi ein gang i blant  
et streif av sol i alt det grå  
det klaraste eg fant.  
Det va eventyret om å finna ein skatt  
der stjerner speiles i en brønn  
og eg får og speide ei stjernenatt  
mens eg vente i ein våken drøm.*

*Du e ei uro i mitt sinn  
eg aldri kan bli kvitt.  
Hvis du vil gi meg dagen din  
så får du livet mitt.  
For alt me har e her og nå  
og tiå renne som ein strøm.  
Eg ser dagar komma og dagar gå  
mens eg vente i ein våken drøm.*

Bjørn Kallevig



Jeg utfordrer Solvår Brustad Lilleeng til neste ”diktet mitt”.


Bente Fossum

# Nytt frå kyrkjekontoret

## Navnet minnelund

For tiden jobber vi med å utarbeide en gravplassplan, regulere et område, på Folldal kirkegård til navnet minnelund. En navnet minnelund er graver i et felt med felles minnesmerke hvor det er anledning til å sette opp navn og årstall for fødsel og død på den gravlagte. I en navnet minnelund vil gravplassforvaltningen sørge for felles beplantning og de etterlatte kan sette fra seg blomster og lys. Graver i en navnet minnelund kan festes etter fredningstidens utløp. Gravplassplanen skal vedtas av kirkelig fellestråd og godkjennes av statsforvalteren etter tilslutning fra kommunen.

Tradisjoner rundt begravelser og gravplasser har en viktig plass i de fleste kulturer. Gravplassene inneholder mye historie, de fortel-



*Det gule området viser hvor på kirkegården navnet minnelund planlegges*

ler om slekters gang, levd liv, om sykdom og tidlig død. Vi mennesker er så forskjellige, og det avspeiles også i ønskene vi har rundt det siste hvilested. Og tidene forandrer seg, samfunnet har blitt mye mer mobilt. En navnet minnelund vil kunne fortelle om navn og levd liv, men pårørende vil slippe dårlig samvittighet for ikke å stelle gravene. Med å tilrettelegge for en navnet minnelund ønsker kirkelig fellestråd å imøtekomme noe av mangfoldet i dagens samfunn, ved siden av de tradisjonelle gravstøttene som utgjør grunnpilarene på kirkegårdene våre.

Viser ellers til menighetsbladet 1/2021 der det på side 4 står om den kulturhistoriske minnelunden, kirkebakken, ved Folldal kirkegård.

Solveig R. Elgevasslien

## Trusopplæringa

Både 2020 og 2021 har så langt vore prega av faren for smitte av koronasjukdommen. Dette har òg gjort at fleire av tiltaka i trusopplæringa har blitt avlyste. Men

utover hausten reknar vi med og håper å få gjennomføre desse arrangementa, i tråd med opplæringsplanen i kyrkjelydene våre i Folldal:

- **Utdeling av bok til 6-åringane:** Søndag 26. september kl 11 i Dalen kyrkje (i samband med hausttakkefesten der).
- **4-årsbok og musikal:** Søndag 17. oktober i Folldal kirke (med ei samling i forkant).
- **«I lys og tussemørke»:** Kyrkjegardsvandring (samarbeid med juniorklubben, oktober)
- **Filmkveld:** For konfirmantar og andre interesserte (samarbeid med ungdomsklubben, november)
- **Lys Vaken:** Overnatting i kyrkja (natt til første søndag i advent, 27.-28. november).

## Irina sluttar i tenesta

Irina Grechaniuk har sagt opp stillinga si som kantor (organist). Ho har fått ny stilling i Odalen. Ho og mannen kjem dermed nærare sonen og familien hans. Vi er leie oss for å miste organisten vår, men ønskjer ho og familien alt godt lenger sør i fylket vårt. Og velkomne på besøk att til Folldal!

Irina speler på si siste gudsteneste 5. september kl 11 i Dalen kyrkje. Etter gudstenesta blir det kyrkjekaffe og ein formell avskjed med vår kjære organist, som har vore tilsett hos oss sidan desember 2010.



**Orgelresitasjon:** Folldal kirke 28. juli i år.



**Konsert:** Irina akkompagnerer cellist i Folldal kirke (2014).



**Tårnagentar:** Irina underviser unge tårnagentar (2016).

*Tusen takk, Irina, for all vakker musikk du har gjeve til oss i ulike samanhengar, og for alt du har gjort for musikkmiljøet i Folldal!*



## Frå kyrkjelivet: Setermesser

Det har til saman vore fire setermesser i og i nærleiken av Follidal i sommar (den fjerde, på Ryhaugsetra, fekk vi av trykketekniske grunnar ikkje bilete frå her).



**Grimsdalen:** Frå den felles setermessa for Dovre og Follidal på Tollevshaugen 11. juli (foto: Åse Kristoffersen).



**Bygdetunet:** På friluftsmessa på Uppigard Streitlien 25. juli vart Ulrik Fristad Hovde boren til dåpen (foto: Anny Inger Lien).



**Meløya:** Den 8. august vart Dagny Siksjø Steigen døypt under messa i Einunndalen (foto: Hilde Reitan).

# Konfirmanter

Vi satte opp konfirmantlista i forrige nummer, men ettersom konfirmasjonen blir et par uker etter at også dette nummeret kommer ut, bringer vi lista på nytt her:

## **Konfirmanter i Dalen kyrkje 18. september:**

Brendryen, Tiril  
Garmager, Angelika  
Johnsen, Anja Katrin  
Husom, Sondre

## **Konfirmanter i Folldal kirke lørdag 2. oktober:**

Bakke, Celine  
Brendryen, Melissa Farstad  
Lilleeng, Ingvild Brustad  
Nessa, Caroline  
Bakken-Berg, Håkon  
Ekrehagen, Bror  
Kjønsberg, Markus  
Sandom, Hans Embret  
Streitlien, Tord Berget

Vi gratulerer konfirmantene og deres familier!



# Visdomsord

## Ta vare på hjartet

I *Salomos ordtak* (Ordspråka) i Bibelen finst det ei mengd gode råd. Dei fleste er ganske tidlause, og vi kjenner oss att i dei anten vi er ungdom, midt i livet eller eldre enn som så.

Dette avsnittet handlar om å ta vare på sitt hjarte. Dessutan er det òg eit helsebringande tips midt inni denne teksten! Det er etter tradisjonen kong Salomo som står bak desse ordtaka.



*Son min, lytt når eg talar,  
vend øyret til mine ord!*

*Slepp dei aldri av syne,  
gøym dei djupt i hjartet!*

*Dei er liv for den som finn dei,  
og gjev helse til heile kroppen.*

*Ta vare på hjartet framfor alt,  
for livet går ut frå det.*

*Lat aldri munnen tala falske ord,  
hald leppene borte frå svik!*

*Lat auga dine sjå beint fram,  
fest blikket på det som ligg framføre!*


*Gjer stigen jamn der foten skal gå,  
då blir alle dine vegar trygge.*

*Vik ikkje av til høgre eller venstre,  
hald foten din borte frå det vonde!*  
(Ordt 4,20-27)

Jon Olav Ryen  
(Foto: Solveig R. Elgevasslien)

## Funderinger

Av og til lurer jeg på om egenskapen ydmykhet er avleggs. Iallfall i den betydningen jeg legger i det å være ydmyk. Ikke hører jeg at ordet brukes så ofte i dagligtale heller. Er ydmykhet noe som kan læres, eller ligger det i oss som en del av personligheten? Er det å være ydmyk en sterk eller svak side? Kan fravær av ydmykhet være fordi vi ofte tar det meste som en selvfølge? Det er så mye som er mulig – og så lite som er umulig. Det meste er «quick-fix» i dag. Så mye som kan ordnes via maskiner, teknologi, økonomi og kontakter verden over – på sekundet. Så mange lette og lettvinde løsninger. En kan selvfølgelig kjenne på ydmykhet over all klokskap, forskning og utvikling. Hva mikroskopiske små og enormt store da-



*Vålåsjøbrua på Dovrefjell: En blir ydmyk når en ser slikt godt utført håndverk (foto: privat).*

tahjerner kan utføre, synes ubegripelig. Likevel så er det vi mennesker som har evnen til å undre oss, til å tilgi, være medfølende, vise respekt, være takknemlig, være ydmyk. En datahjerne kan ikke som du og jeg føle seg liten i møte med noe som er større enn seg selv. Det er også bare vi mennesker som står ansikt til ansikt med livet – på godt og vondt.

Jeg husker første gangen jeg var med gruveetog inn i Stoll 1 like etter at dette ble en mulighet. En kunnskapsrik guide og faktaforteller, hodelyktene i mørket gjennom smale gruveganger, knirking og klang av jernhjul, vanddrypp – og dagslyset i åpningen da vi kom ut igjen, forsterket historiene jeg hadde hørt og lest. Jeg var ydmyk.

Gjennom et par år var jeg en del av Frankmotunet og Tyrilistiftelsen. Blant alle jeg har møtt i løpet av livet, så er det få som har gitt meg så sterk følelse av ydmykhet som disse ungdommene som så sterkt prøvde å få tilbake egenverdi, liv og framtid. Kriger med seg selv.

Jeg har sittet sammen med folldalsunger og hørt leirskolelæreren på Runde fortelle om kirkegården på øya. Hun spurte om elevene kunne tenke seg hvorfor det nesten bare var kvinnenavn på de gamle gravsteinene. Kanskje det var egenskapen ydmykhet som slo inn hos dem som sa de bare ville gråte da de hørte svaret: Det var så mange menn som aldri kom hjem til familien og øya - de fikk graven sin på havet.

Er jeg for mjuk når jeg blir rørt og kjenner meg liten over å se de lange, hundreårgamle steingjerdene på Jæren, de bratte og små jordlappene på Vestlandet der det fortsatt er en liten traktor og Vossakasse som gjør slåttan, eller å lese Falkbergets An-Magritt?

Eller når jeg leser om en ung familiefar med alvorlig sykdom og store funksjonsnedsettelser, som bruker det han har igjen av krefter og styrke til å påvirke politikere og samfunnet for bedre rettigheter og mer innsikt? Når jeg snakker med en uførepensjonert kvinne som i årelange kamper og varslinger på arbeidsplassen endelig vant fram, men mistet arbeidsevnen?

Om noen dager skal vi velge dem som skal styre landet vårt de neste fire årene. Jeg håper sterkt at kandidatene greier å være ydmyke overfor folket som har valgt dem, men jeg tviler. Erik Bye har sagt det så klokt: «Politikere må en gang lære, både i Norge og andre steder – at de er ikke våre herrer.

I demokratiet... skal de være klar over hver eneste morgen de våkner og hver eneste kveld de legger seg, at de er våre tjenere. De er folkets tjenere.» Handler ikke dette også om ydmykhet?

Med det vi har erfart på kloden de siste par årene, er det vel ingen av oss som er sikre på at «noen fikser det fort». Enorme naturkatastrofer, skogbranner, flommer, jordskjelv, millioner i flyktningestrømmer og et virus som spres over hele verden. Vi er små i den store sammenhengen, og det er ikke vanskelig å kjenne seg ydmyk.

AMa

## Småplukk

Årets 50-årskonfirmantfest blir lørdag 25. september, med kveldsmesse i Folldal kirke kl. 18 og påfølgende festsamvær (Rondeslottet eller kirkestua).



### Hjertelig takk

Vi vil takke for oppmerksomheten i anledning vår mor Marie Åshilds bortgang. Takker så mye for 19.200 kr til Rondeslottet grendahus.

Med hilsen fra Arild, Anne Marie, Hildegunn, Sigrunn og Bjørge m/fam.

# Grimsbu Turistsenter

## Motell & Camp \*\*\*\*

2582 GRIMSBU

Telefon: 62 49 35 29

mail@grimsbu.no www.grimsbu.com

Pga Covid-19-situasjonen har vi noe begrenset åpningstid.

Hverdager kl 8-19

lør/søn kl 9-19

## Nystekt vaffel

m/syltetøy og rømme  
eller brunost



**35,-**

TakeAway - Catering - Kafeteria - Rom - Hytter - Camping

### Middag serveres hver dag kl 13-19

Grillmat i hele åpningstiden!

# Tollans Byggservice AS

2580 Folldal

**VÅR FAGKOMPETANSE - DIN SIKKERHET!**



Grunnarbeider                      Betong  
Nybygg    Påbygg    Restaurering  
Hus            Hytte            Garasje  
Landbruksbygg

**TA KONTAKT FOR EN  
UFORPLIKTENDE SAMTALE.**

Tlf. 915 23 458

e-post: [terje@tollansbyggservice.no](mailto:terje@tollansbyggservice.no)

**PRIMAR**  
Som hjemmelaget

## KJØP NORSK!

Prøv våre lokale ferdigretter basert på råvarer fra Røros-traktene!

- ✓ Unik hjemmelaget smak.
- ✓ Terningkast 5 i Dagbladet 20.9.20.
- ✓ Primar – medlem av Rørosmat



# BYGGER'N

## — DALHOLEN —

DALHOLEN HANDEL, 2584 DALHOLEN  
TLF. 62 49 31 31 [info@dalholen.byggern.no](mailto:info@dalholen.byggern.no)

Vi hjelper deg  
med det du trenger  
til små og store byggeprosjekt!

# Velkommen til kirke

## INFORMASJON

### FOLLDAL MENIGHETSBLAD

Ansvarlige utgivere:

Folldal menighetsråd og

Øvre Folldal sokneråd

Returadresse: Kirkekontoret,

Gruvvegen 7, 2580 Folldal.

Utforming: Solhellinga Folldal AS

I skrivende stund (primo mai) er det følgende begrensninger ved gudstjenester og kirkelige handlinger på grunn av smittefaren ved korona: Maksimalt **100** personer i Folldal kirke; **70** personer i Dalen kyrkje og **15** i Egnund kapell.

Følg ellers med på Facebook / kirkene i Folldal,

[www.folldal.kirken.no](http://www.folldal.kirken.no) og plakater.

**5. sept.** 15. søndag i treenighetstiden Luk 10,38-42

**11.00** Dalen kyrkje. Ryen. Høymesse med nattverd. Avskjed med organist Irina Grechaniuk. Kirkekaffe.

**18. sept.** (lørdag)

**12.00** Dalen kyrkje. Ryen. Konfirmasjon.

**19. sept.** 17. søn i treenighetstiden Luk 7,11-17

**11.00** Rondaheim. Ryen. Gudstjeneste. Kirkekaffe.

**25. sept.** (lørdag)

**18.00** Folldal kirke. Ryen.  
50-årskonfirmantjubiläum.

**26. sept.** 18. søn i treenighetstiden Matt 8,5-13

**11.00** Dalen kyrkje. Ryen. Høsttakkefest, med 6-årsbok og presentasjon av nye konfirmanter. Offer: Hekta (ungdomsarbeid i bispedømmet). Kirkekaffe.

**19.00** Folldal krk. Ryen. Høsttakkefest, med presentasjon av nye konfirmanter. Offer: IKO ((kirkelig pedagogisk senter). Kirkekaffe.

**2. okt.** (lørdag)

**12.00** Folldal kirke. Ryen. Konfirmasjon.

**3. okt.** 19. søn i treenighetstiden 5 Mos 30,11-15

**11.00** Egnund kapell. Ryen. Høymesse med nattverd.

**17. okt.** 21. søn i treenighetstiden Luk 16,19-31

**11.00** Folldal kirke. Ryen. Familiegudstjeneste, 4-årsbok m/ minimusikal. Offer til TV-aksjonen (Plan International). Kirkekaffe.

**20. okt.** (onsdag)

**19.00** Folldal kirke. Orgelmeditasjon med diktlesning.

**24. okt.** 22. søn i treenighetstiden Joh 12,35-36

**11.00** Dalen kyrkje. Ryen. Høymesse med nattverd.

**7. nov.** Allehelgensdag Matt 5,13-16

**11.00** Folldal kyrkje. Ryen. Allehelgensmesse. Nattverd. Kirkekaffe.

**14. nov.** 25. søn i treenighetstiden Matt 14,22-34

**19.00** Dalen kyrkje. Ryen. Salmekveld .

**28. nov.** 1. søndag i advent Matt 21,10-17

**11.00** Folldal kirke. Ryen. Familiegudstjeneste. Lys Våken. Kirkekaffe.

**5. des.** 2. søndag i advent Joh 16,21-24

**11.00** Dalen kyrkje. Ryen. Høymesse med nattverd.

**19. des.** 4. søndag i advent Matt 1,18-25

**12.00** Dalen kyrkje. Vi synger og spiller julen inn.

**19.00** Folldal kirke. Vi synger og spiller julen inn.